



Veteranbåtlaget MS Lindenes  
c/o Tveit rekneskap, Eitrheimsv. 18  
5750 Odda

Dato: 04.05.2018  
Vår ref.: 2017/14816-38  
Saksbehandlar: steotto  
Dykkar ref.:

Att. Gunnar Moland

## **MS Lindenes - Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018 - underretting om tildeling**

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 24.04.2018, sak 48/18.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å gje eit tilskot på **kr 80.000,-** av fylkeskommunale midlar, budsjettpost 10.400.650.04 og frå statsbudsjettet 2018 kap 1429 post 74.

### **Grunnjeving**

Veteranbåtlaget har utarbeida ein nøktern søknad som omhandler viktige tryggleiksaspekt for fartøyet. Tiltaka gjeld overhaling av hydraulikken til kjettingspel, kjettingskift, smørjing og måling. Tiltaka er i samsvar med retningslinene..

### **Tidsavgrensing**

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år.

### **Oppfølging, rapportering og kontroll**

Søkjar skal rapportera status innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november seinast to år etter at løyvinga er gitt.

Rapporten skal innehalde:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik fra planen for tiltaket
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av foto e.l.

Søkjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege avvik fra prosjektplanen i prosjektperioden.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalinger vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

### ***Misleghald***

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

### ***Arbeidsgjevaransvar***

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei som skal utføra arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søker, som må forskottera utbetalinga.

### ***Utbetaling***

Utbetaling skal normalt skje etter oppmoding frå mottakar av tilskotet saman med rapport og rekneskap. Forskotsutbetaling kan avtalast særskilt.

### ***Klage/partsinnsyn***

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjemaet ***aksept for vilkår av tilskot*** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

- 1 Aksept av vilkår for tilskot
- 2 Retningslinjer

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*